



Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2019-2022

Bilete frå den nye og gjeve klatreveggen i Vangshallen



1 Forord

Planen skal være eit verkty for å styre utviklinga av anlegg og område for idrett og friluftsliv, med det formål å bidra til å oppretthalde og styrke befolkninga sin fysiske aktivitet som vidare fører til betre fysisk og psykisk helse.

Kulturdepartementet stiller krav om at ein i kvar kommune skal utarbeide ein tematisk kommunedelplan for fysisk aktivitet som grunnlag for behandling av spelemiddel.

- *Planen må være i tråd med myndighetene sine krav til kommunedelplan for idrett og friluftsliv.*
- *Registrere noverande anlegg og aktivitet i kommunen*
- *Analysere langsigte og kortsigte anleggsbehov med tanke på sikring av areal og utbygging av anlegg.*
- *Setje opp ei prioritert liste over utbygging dei nærmaste fire åra med overslag over kostnader og finansiering.*
- *Rekne og gje eit overslag over driftsinntekter og driftskostnader (anlegg)*

Planen byggjer vidare på eksisterande plan: Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015 – 2018.

I desember 2013 så bestemte Vang kommunestyre at det skulle byggjast fleirbruksstall i Vang. Dette vedtaket, saman med eksisterande anlegg og det rikhaldige friluftslivtilbodet i Vang, er ein viktig del av bebruarane sin kvardag i forhold til idrett og fysisk aktivitet i kommunen. Denne planen har som mål å byggje vidare på dette gode arbeidet.

Vang kommune er veldig godt nøgd med den frivillige innsatsen som blir gjort innafor arbeid i idrettslag rundt om i kommunen.

Denne planen vart godkjent av Vang kommunestyre 14.desember 2018.

2 Samandrag

Kapittel 3 til 6 tek for seg begreper og bakgrunn for planen og politiske målsettingar for Vang kommune. Gjennomføring av førre plan har fått plass i kapittel 7, og her er vi nøgd med at mykje har kome på plass i denne perioden. I kapittel 10 viser vi fram det Vang har å tilby. Kapittel 11,12 og 13 viser behov for anlegg, ei liste over dei anlegg som er planlagde og dei som ligg meir på idestadiet. Vi avsluttar med kart over planlagde anlegg og eksisterande anlegg.

3 Innhold

1	FORORD.....	2
2	SAMANDRAG.....	2
3	INNHOLD	3
4	INNLEIING	4
4.1	BAKGRUNN FOR PLANEN.....	4
4.2	KLARGJERING AV OMGREP.....	4
5	UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN.....	5
6	VANG KOMMUNE SIN IDRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK.....	5
6.1	OVERORDNA MÅL MED PLANEN.....	6
6.2	DELMÅL	6
6.3	PRIORITERTE MÅLGRUPPER	7
6.4	STRATEGI FOR Å NÅ MÅLA.....	7
7	GJENNOMFØRING AV PLANEN FRÅ 2015-2018	8
7.1	RESULTATVURDERING.....	8
	<i>Nærmiljøanlegg</i>	<i>8</i>
	<i>Ordinære anlegg.....</i>	<i>8</i>
	<i>Rehabilitering av anlegg</i>	<i>9</i>
8	FORHOLD TIL ANDRE KOMMUNEPLANAR	9
9	PLANPROSESS	9
10	OVERSIKT OVER EKSISTERANDE TILBOD I VANG KOMMUNE.....	10
10.1	OVERSIKT OMRÅDE FOR OMRÅDE	11
	<i>Filefjell</i>	<i>11</i>
	<i>Øye – Øvre dalen.....</i>	<i>11</i>
	<i>Vang</i>	<i>11</i>
	<i>Åsvang</i>	<i>12</i>
	<i>Høre/Ryfoss</i>	<i>12</i>
	<i>Vang sine gymnastikksalar</i>	<i>13</i>
10.2	SKULE/BARNEHAGE	13
10.3	EIGENORGANISERT FYSISK AKTIVITET	13
10.4	KVA STATISTISK MATERIALE HAR VI PÅ UNGDOM OG AKTIVITET?	14
10.4	TOPPIDRETT	14
10.5	DEN KOMMERSIELLE TRENINGSMARKNADEN	15
10.6	TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV	15
11	ANALYSE AV BEHOVET FOR AKTIVITET OG ANLEGG	16
12	HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG OG OMRÅDER	17
	INNSPEL FRÅ IDRETSEN OG ANDRE AKTØRAR	17
13	LANGSIKTIG DEL	18
14	KART	18

4 Innleiing

4.1 BAKGRUNN FOR PLANEN

Mange er på fritida engasjerte i idrett og driv fysisk aktivitet i Vang. Auka fysisk aktivitet vil også ha ein stor helsegevinst for fleire. Dette krev planlegging slik at ein kan ta vare på desse interessene i arealforvaltning, og for å få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. Vang er ei lita kommune, og det gjev utfordringar i høve til breidde i aktivitetar. Likevel må vi kunne seie at aktivitetsnivået er stort og det blir også her viktig å legge gode planar for å oppretthalde, skape og drive idrett og fysisk aktivitet.

Kulturdepartementet set som krav at ein må ha ein godkjend kommunedelplan, som omhandlar idrett og fysisk aktivitet, for å kunne søke om statlege spelemiddel.

Ein kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er eit politisk dokument, og skal være eit styrande reiskap for å oppnå kommunen sine målsetjingar på feltet. Vi har hatt kommunedelplan for idrett og friluftsliv fram til 2005, 2007-2010, 2011-2014 og 2015-2019. Det er eit krav om at revisjon av planen skal skje kvart fjerde år, og den nye planen vil gå for perioden 2019-2022. Kommunedelplanen er utarbeidd i tråd med Kulturdepartementet sin rettleiing ”Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet”.

4.2 KLARGJERING AV OMGREP

- IDRETT**

Idrett må ein forstå som aktivitet i form av konkurranse, eller trening i den organiserte idretten.

- FYSISK AKTIVITET**

Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, som friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

- FRILUFTSLIV**

Miljøverndepartementet definerer friluftsliv som opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Kulturdepartementet har valt å la friluftsliv gå inn i omgrepet fysisk aktivitet.

- ORDINÆRE ANLEGG**

Ordinære anlegg er anlegg som gjennom "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017 (V-0732)" kan få tilskot. Desse anlegga er ofte nært knytte til konkurranse- og treningsverksemrd. Tekniske krav til mål og utforming samt universell utforming.. Hovudregel er at Vang kommune dekker 1/3 av totalkostnad, 1/3 er dekka av statlege spelemidlar og 1/3 av laget som søker.

Maksimal stønadsgrense varierar frå anlegg til anlegg. Sjå V-0732 for meir informasjon.

- NÄRMILJØANLEGG**

Närmiljøanlegg er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Ligg som ofta tilknyting til bu- og eller oppholdsområde, og er berre anlegg utandørs. Anlegget skal være fritt tilgjengeleg og i første omgang retta mot barn og ungdom. Anlegget skal ha universell utforming.

Hovudregel er at statlege spelemidlar dekker 50% av totalkostnad, og her er maksimal stønadsgrense kr 300 000,-. Nedre godkjende kostnadsramme er kr 50 000,- medan øvre kostnadsramme er kr 600 000,- For meir infoormasjon sjå V-0732.

5 Utviklingstrekk i kommunen

Overvekt er framleis ei helseutfordring i Vang som elles i Noreg og den vestlege verda. Vi ligg litt betre an samanlikna med Oppland fylke og skil seg ikkje eintydig frå landsnivået blant 17 åringane. Vi kan ikkje seie at vi er betre eller verre her i Vang. Norsk folkehelseinstitutt har funne ut at det ikkje har vore nokon auke det siste tiåret blant norske tredjeklassingar.¹ Men rapporten seier vidare at det er skilnad på dette i forhold til kor ein bur. Det er 50% større sjanse for å utvikle overvekt på landsbygda, samanlikna med dei som bur i ein by. Dette bør vi som ein liten kommune ta til etterretning i vårt arbeid med fysisk fostring no framover.

I Vang har me arbeidsinnvandring, me skal busette flyktingar og me har eit aktivt flyktingenottak. Det er viktig at alle desse vert integrert i vårt lokalsamfunn, og her er eit inkluderande liv inanfor idrett og friluftsliv viktig.



I lys av dette vart Vang fotballturnering arrangert for første gong i 2014, på banen på Mjøsvang (bildet). Sidan har det blitt ein tradisjon, og arrangerast no årleg på Tveit stadion av Vang frivilligsentral, FK Vang og Vang mottakssenter. Vinnarlaget får ein vandrepokal, og eit aukande antal bedriftslag og andre deltek.

I forhold til folketalet må ein seie at aktivitetstilbodet for born og unge i Vang er godt. Nokre lag går medlemstala ned, men i andre går dei opp. Det blir arbeidd godt rundt om i laga, men også utanfor organiserte lag er det god aktivitet.

6 Vang kommune sin idretts- og friluftspolitikk

Frå statleg side er det ei målsetjing om at vi skal legge til rette slik at dei fleste av oss kan drive idrett og fysisk aktivitet. Vang kommune har sjølv ei målsetting om at ”Vang kommune skal medverke til eit aktivt og mangfaldig idrett- og friluftsliv av stor verdi for trivsel, helse, busetjing og næring. ”Visjonar og målsetjingar for barn og ungdom i kommuneplan: ” Barn og ungdom skal sikrast stimulerande og trygge oppvekstvilkår i heim, barnehage, skule og fritid. Det er viktig at dei får så positive opplevelingar med å vekse opp i Vang at dei ynskjer å koma attende.

Skule- og barnehagekvardagen skal leggjast opp med fokus på gode mellommenneskelege tilhøve, gode sosiale evner, sunn kost og fysisk aktivitet.

Det skal leggjast til rette for at ungdom får høve til aktivt å ta del i utviklinga av Vang. Formannskapet har bestemt at ein skal få til bedre dialog med ungdomsrådet og med

¹ Tal frå Nasjonalt folkehelseinstitutt *Folkehelserapport 2017, FHI*.

ungdommar som har starta på vidaregåande skule. Derfor er det mellom anna lagt opp til møter på Valdres vidaregåande med skuleungdom frå Vang der, for å få innspel til korleis me me best skal utforme idretts- og friluftslivpolitikken vår. God dialog med alle brukargruppar i alle aldrar er viktig i dette arbeidet.

Vang kommune sin visjon er at kommunen skal være ei god kommune og vekse opp i, med gode tjenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærliek, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarane og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

6.1 OVERORDNA MÅL MED PLANEN

Det overordna målet med denne planen er:

Vang kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for alle i kommunen!

Generelt er fysisk aktivitet ei kjelde til helse og livskvalitet og viktig for å oppretthalde god funksjonsevne. Fysisk aktivitet med normal intensitet i ein halvtime om dagen vil gi ein stor helsegevinst. Dette kan være aktivitetar i kvardagen som til dømes rask gange. Aktiviteten kan ein gjerne dele opp i bolkar på 10 – 15 minutt, og helsegevinsten veks i takt med aktivitetsnivået!²

Når det gjeld ungar bør dei vera aktive i minst 60 minutt kvar dag.

Eit viktig mål blir derfor å aktivisere dei inaktive! Tilretteleggje slik at det blir enklare for alle grupper å komme seg ut og være fysisk aktive, til dømes; eldre, innvandrarar, men også andre grupper.

6.2 DELMÅL

Eigenorganisert fysisk aktivitet

- Legge til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet i alle delar av kommunen.

Tiltak retta mot friluftslivet:

- Sikre at det er nok tilgjengeleg friområde i arealplanar, spesielt viktig i utbyggingsområde.
- Med ein visjon om at det skal være mogleg for alle å utøve fysisk aktivitet er det viktig å ha gode tilgjenge for dette i nærliken av der folk bor. Attraktive område og anlegg i nærmiljøet stimulerer til spontan aktivitet og skaper låg terskel for å komme seg ut og i aktivitet.
- Tilretteleggje aktivitetar med låg terskel slik at fleire kan bli fysisk aktive

Folkehelse:

- Fysisk aktivitet er ein viktig del av folkehelsearbeidet, og Vang kommune har som mål å medverke til at flest mogleg skal kunne drive idrett og fysisk aktivitet. Innan folkehelsearbeidet skal ein medverke til dette ved å stimulere til samarbeid og samhandling på alle nivå i kommunen. Etter folkehelseplan for Vang 2015- 2018 vil ein

² Henta frå Sosial- og helsedirektoratet.

ha fortsatt fokus på aktivitet og friluftsliv i barnehage og skule og å oppretthalde Fysak og FriNat i skulen..

- Innan folkehelse gjeld fortsatt to hovudmål frå den sentrale planen:

Hovedmål 1: Auke antal barn og unge som er fysisk aktive i minst 60 minutt kvar dag

Hovedmål 2: Auke antal vaksne og eldre som er moderat fysisk aktive minst 30 – 60 min. kvar dag.”³

Toppidrett:

- Legge til rette for dei som ynskjer å utøve toppidrett i Vang. Sjølv om ein i hovudsak rettar fokus mot dei som utøver breiddeidretten er det også viktig å legge til rette for toppidrett, ikkje minst gjennom å skape gode rollemodellar.

Anleggsutbygging:

- Utbygging av anlegg og tilrettelegging av aktivitet skal skje med tanke på alle brukargrupper.
- Fleirbrukshallen på VBU blir sentral i Vang sin tilrettelegging for fysisk aktivitet i framtida. I tillegg er det gymsalar i alle krinsane.

6.3 PRIORITERTE MÅLGRUPPER

Born i aldersgruppa 6-12 år og ungdom mellom 13-19 år er i hovudmålgruppa. Vi må ha desse i tankane når vi byggjer ut anlegg og legg til rette for aktivitet. Desse gruppene er langt mindre aktive enn tidlegare og brukar stadig meir tid framfor data- og tv-skjermar. Det er også lagt opp til at dei unge sjølve aktivet skal være med i utforminga av anlegga.

Det er også viktig å få med dei vaksne i Vang til fysisk aktivitet, jamfør målsettinga til folkehelseplanen i Vang kommune.

Ein må her sjå for seg aktivitetar med låg terskel slik at fleire blir inspirerte til å delta, spesielt vil det være viktig å tenke på dei som tradisjonelt sett ikkje er fysisk aktive.

I utbygging av anlegg og i tilrettelegging for aktivitet må ein også ha i tankane dei funksjonshemma og dei eldre, for å legge til rette for at desse gruppene og kan delta.

6.4 STRATEGI FOR Å NÅ MÅLA

Vang kommune sin satsing på Fleirbrukshallen på VBU er eit stort løft for å legge til rette for fysisk aktivitet for alle i Vang. No vert alle skuleelevar samla i ein fellesskule på VBU, då er det også viktig at alt ligg til rette for fysisk aktivitet her. Trass i denne utbygginga på VBU så er det viktig å settje av nok areal i dei ulike delane av kommunen til å utøve friluftsliv og fysisk aktivitet.

Det er eit lite toppidrettsmiljø i Vang, men likevel har vi i fleire år hatt utøvarar som konkurrerer på nasjonalt nivå. Som ei oppmuntring til desse deler kommunen ut idrettsstipend kvart år. Ein bør og motivere for at lag i kommunen samarbeidar for at utøvarar kan nå nasjonalt nivå.

For å betre kvaliteten på idretten er det også høve til å søkje støtte til utdanning av instruktørar.

³ Vang kommune, *Handlingsplan FYSAK 2009 til 2012*

7 Gjennomføring av planen frå 2015-2018

7.1 RESULTATVURDERING

Vangshallen var det store løftet i denne perioden. Vang kommune har stor tru på dette anlegget med tanke på å få folk til å busetje seg i Vang. Her er det ein flott klatrevegg, terapibasseng og ein hall med håndballstorleik som og har innebygd ein teleskoptribune til bruk for kulturlivet elles. I perioden har det også vore eit lyft i tilrettelegginga for friluftslivet. Her følgjer ei oversikt:

Nærmiljøanlegg

1. Kunstgrasbane med klatrevegg på VBU – Vang kommune

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2016	321 000,-	300 000,-	-	621 000,-

2. Kunstgrasbane på ballbinge i Øvre Dalen ved Jotunheimen idrettslag.

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2015	30 625,-	61 250,-	30 625,-	122 500,-

Ordinære anlegg

3. Vangshallen, idrettshall med håndballstorleik på VBU – Vang kommune

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2016	30 255 000,-	9 500 000,-	-	39 755 000,-

4. Sosialt rom knytt opp mot Vangshallen på VBU – Vang kommune

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2016	1 370 000,-	500 000,-	-	1 870 000,-

5. Treningsrom ved Vangshallen på VBU – Vang kommune

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2016	2 796 250,-	700 000,-	-	3 496 250,-

6. Klatrevegg i Vangshallen på VBU – Vang kommune

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2016	2 687 500,-	700 000,-	-	3 387 500,-

Rehabilitering av anlegg

7. Rehabilitering av garderobe i Vangshallen – Vang kommune – ordinære anlegg

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2017	4 134 000,-	2 666 000,-	-	6 800 000,-

8. Grasbane på VBU – Vang kommune - nærmiljøanlegg

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2017	296 000,-	295 000,-	-	591 000,-

9. Håndballbane med asfalt på VBU – Vang kommune – nærmiljøanlegg

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2017	285 000,-	285 000,-	-	570 000,-

Andre planlagde prosjekt:

10. Turveg opp til Fugleberget er laga til med hytte på berget.

11. Kongevegen over Filefjell har gradvis blitt betre, og har og vunne to prisar.

12. Turveg på Åsvang. Ikkje gjennomført.

13. Leirdueskyting i Rødalen. Ikkje gjennomført. Vang jeger og fiskarlag

14. Skateboardanlegg VBU. Ikkje gjennomført

8 Forhold til andre kommuneplanar

Eventuelt nye anlegg må avklarast opp mot kommuneplan/ andre arealplaner for Vang kommune. Dei økonomiske føresetnadene i planen må innarbeidast i Vang kommune sin økonomiplan.

9 Planprosess

Arbeidet med denne planen har skjedd i samarbeid med Vang idrettsråd, Folkehelsplanen i Vang, dei frivillige laga, skulane og barnehagane i Vang kommune. Oppstart av planarbeidet har vore annonsert slik at alle fekk høve til å koma med innspel. Revidert plan vart behandla i kommunestyret desember 2018.

10 Oversikt over eksisterande tilbod i Vang kommune

Tabellen syner ei oversikt over dei ulike laga og aktivitetstilbodet deira. Vi har og teke med medlemstall for 1998, 2002, 2016, 2010 og 2014. Nokre nye lag har også kome til, medan andre lag har gått i dvale.

Statusoversikt mars 2018:

Organisasjon	Medlemmer	Under 19 år	Aktivitet
Vang skyttarlag	2018: 120 2014: 125 2010: 105 2005: 121 1998: 129	5-6 (om lag) 12 42	Deltek på skytestemner, jaktprøver, jegerprøver, baneskyting, lagmeisterskap, skytingens dag og treningsskyting på fredagar/tysdagar.
Høre og Ryfoss idrettslag	2018: 128 2014: 120 2010: 25 2005: 60 1998: 62	48 52 Familiemedl. 43	Allidrett (3 aldersgrupper for barn), familiedag på Eggeåsen, slettefjellrenn med Fjellblom i.l., svømming, nissemarsj, zumba, truetur, pilates, step, innebandy og karatetrening.
Jotunheimen idrettslag	2018: 31 2014: 80 2010: 85 2005: 71 1998: 85	(ukjent) 28	Lysløyperenn, duathlon og aktivitet i ballbinge. Drive med leksehjelptilbod.
Fjellblom idrettslag	2018: 162 2014: 158 2010: 165 2005: 130 1998: 179	56 59 60 52 Familiemedl	Lysløyperenn (kretsrenn og klubbrenn), bading på VBU, volleyballtrening, skitrening, skisportens dag, slettefjellrennet med Høre/Ryfoss i.l. og laget driftar Slettefjellet skiløyper.
Vang idrettslag	2018 113 2014: 50 2010: 82 2005: 112 1998: 160	57 67 70	Allidrett, aerobic, volleyballgruppe, håndball, Miniatyrskyting, alpingruppe som m.a. arrangerer Filefjellrennet, medarrangør for klubbrenn, påskequis og Barnas dag
F.K. Vang	2018: 125 2014: 142 2010: 259 2005: 133 1998: 144	95 82 85 95	A-lag for menn, aldersbestemte lag, cup for barn, fotballturneringar mellom anna Norway Cup.
Vang jeger og fiskarlag	2018 ca 50 2014: 49 2010: 73 2005: 27	8 8 4 Etablert 2004	Jegerprøekurs, legge til rette for utøving av jakt- og sportsskyting med hagle og rifle, familiefiskedag og fluekastarkurs.
Vang klatrekubb	2018: 170	53 Etablert 2016	Klatring tre kveldar i veka, brattkortkurs, klatrekurs for barn på mottaket. Vedlikehald/drift av klatrevegg.
Vang turlag	2018: 300 2014: 300	Ukjent 200	Turar i nærmiljøet i Vang og andre nærliggjande kommunar. Turtrimmen. Er underlagt DNT

10.1 OVERSIKT OMRÅDE FOR OMRÅDE

Filefjell

Filefjell er eit tyngdesenter i Vang for turisme og friluftsliv. Her er det eit stort omfang av løyper for skitur, alpint og friluftsliv. Utvikling av dette området skjer i dialog mellom Vang kommune og turistnæringsidrettslag i området. Eit eksempel på slikt samarbeid er at i skiheisen på Filefjell har Vang il laga til lysanlegg og tidtakarbu/klubbhus. Røde kors har også hytte i heisen. Området Filefjell ønsker tilrettelagt for gangveg frå heis til kjøpesenter, og utvikling av tidleg skiløyper i oktober- november.

På Filefjell har hyttemiljøet etablert sin eigen orienteringsklubb.

Øye – Øvre dalen

Øye

I Øye ligg samfunnshuset med nokre leikeapperat på utsida. Huset er plassert mellom E-16, dyrka mark og ei elv og har dermed avgrensa uteområde. Både tur og kulturtihøve vil bli betre når E 16 blir fylkeseveg. Kongevegen over Filefjell har eit viktig punkt her i Øye, og her er det eit knytpunkt for mange friluftsturar.

Øvre dalen

Jotunheimen il driv lysløypa i Øvre dalen, og har drift av grändahuset. Laget har gjort eit flott vedlikehald av klubbhuset, og dei har bygd ballbinge/løkke med kunstgras ved sia av klubbhuset.

Rødalen skytebane

I Rødalen er det stor aktivitet på skytebanen. Dei har eit elektronisk skiveanlegg på 100 meter (2006) og 200 meter (2013). Det er også elektronikk på bevegeleg viltmål (løpande elg). Detta er særskilt bra for miljøet og trivsel på Rødalen.

Ønsker også areal til leirdueskyting knytt opp mot denne banen.

Vang

Vangshallen (sjå www.vangshallen.no)

Vang kommune har no samla alle elevar på VBU, og her er også den nye Vangshallen. Vangshallen har håndballstorleik, der ein flott klatrevegg er sentral. Her er også styrketreningsrom og speilsal til danseaktivitet. Uteområdet på VBU har også hatt oppgradering på grasbane og asfaltert håndballbane, og det er bygd ein ny kunstgrasbane med klatrevegg/ballvegg på barneskulen si side.

Symjehallen

Under utbygginga av Vangshallen, så vart det også laga til terapibasseng knytt opp mot den gamle symjehallen. Her vart også gjort ein stor rehabilitering av garderobe knytt opp mot symjebasseng. Vang revmatikerforening har her fått eit etterlengta tilbod via dette terapibassengen, som vart innvia i 2017.

Den gamle symjehallen er for tida under rehabilitering.

Innandørs skytebane

Skytebanen i kjellaren på VBU vil bestå etter utbygging, og det er jamleg bruk av denne.

Skatepark på VBU

Anlegget som var på VBU har fått litt skade under utbygginga av VBU, og det er ønske frå Ungdomsrådet å få gjort noko med dette. Den har tidlegare vore eit flott anlegg for skating og BMX, målet er å få det på sama nivå igjen.

Turløype - sti

Det er og tursti opp til Fugleberg, der det og er ei grillhytte. Området Grindafjellet har oppkøyrt turløypenett på vinteren, og dette er om lag 55 km. Dette er linka saman med løypenettet i Vestre Slidre.

Aktivitetspark ved Vang kommunehus

Ved Vangsmjøsa bak Vang kommunehus så kjem det no ein aktivitetspark som er finansiert av midlar frå Sparebankstiftelsen. Her blir det apparater for alle aldrar og kan brukast til eigentrening og gruppetrening. Frå før så står det ei badstove i same området.

Åsvang

Åsvang skiløyper

Utvidinga av lysløypa på Åsvang til 4 km, er ferdigjort hausten 2014.

Det har vidare kome eit ynskje om fastare dekke i traseen slik at den i større grad kan nyttast som turløype også når det ikkje er snø.

Det er stor aktivitet i løypene til Fjellblom il på Åsvang, og dette er eit bra tilbod for å aktivere barn og vaksne i Vang.

Åsvang skule (samfunnshus)

Her har vi tilgang til eit flott friluftsområde og eit godt tilrettelagt uteleikområde.

Sandvolleyballbanen

Anlegget ved Nordsvinsfjorden med sandvolleyballbane og brygge har vorte eit populært og mykje nytta område. Det er no og toalettanlegg ved denne sandvolleyballbanen.

Høre/Ryfoss

Tursti

Gangvegen mellom Høre og Ryfoss har vore ein katalysator for mykje aktivitet og lokal tilrettelegging i dette nærområdet. Det har mellom anna vorte bygd bru over Vesleåne med sti til Riddarberget og rett ved brua er det laga ein gapahuk i tømmer. Langs gangvegen er det satt opp mosjonsapperat med stønad frå BHSS v/Ine Wigernæs og FYSAK. Ryfoss vel har no sett opp eit lysthus med straum, grue og grill på Utsikten (495 moh) ovanfor bensinstasjonen i Ryfoss. Vidare er det rydde og merka ein sti fram til Riddarberget slik at det blir ei fin rundløype.

Tveit stadion

Fotball er ein aktivitet som fangar opp svært mange i Vang, frå dei aller yngste til vaksne. I spørjeundersøkinga for ungdom i 2002 var det FK Vang som kom ut som det mest populære laget. FK Vang har no fleire lag i aldersbestemte klasser og eit A-lag for herrer.

Frå Vang fotballturnering – inkludering og samhold



Det var eit stort steg 25.aug 2007, då den nye kunstgrasbanen på Tveit stadion vart opna. Den har fungert veldig bra, og er blitt eit flaggskip for Vang kommune.

Banen er og laga til for undervarme, undervarme ønsker leiinga på Tveit stadion og å få til nær forholda økonomisk ligg til rette for det.

Vang sine gymnastikksalar

Vår nye fleirbrukskalla på VBU er no ferdig og i bruk, likevel så er det Vang kommune sitt mål å legge til rette for at samfunnshusa med gymsalar rundt om i Vang blir brukt av flest mogleg. Vang kommune skal ha som oppgåve å drifte og halde desse godt vedlike.

10.2 SKULE/BARNEHAGE

Skulen og barnehagen er ein viktig arena for utøving av fysisk aktivitet. Barnehagane i Vang ynskjer at barna skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Variert fysisk aktivitet har svært mykje og seia for fysisk helse psykisk helse, utvikling av motoriske ferdigheter og kroppskontroll.

Barna skal få moglegheit til å bli kjent med planter og dyr, landskapet, samt dei ulike årstidene og veret. Barnehagen oppsøker naturskjønne områder i Vang, for læring, utvikling og stimulering av dei ulike fagområda. Turmål kan vera i nærområdet og nokre gonger reiser vi til fjellområda i kring. Barna vil få rikt høve til og utvikle seg grovmotorisk i aktivitetar og leik ute. Leike og herde seg i eit vent og vakkert landskap er med på å legge grunnlag for framtid!

Barnehagen ynskjer og å gje barna rikt høve til å delta i lokal kultur og tradisjonar med turar langs Kongevegen, deltaking i gardsliv, buføring, og stølsbesøk.

I skulen i Vang blir det gjort mykje for å vekkje og halde ved like interessa for friluftsliv. Elevane har uteskule, og gjennom FRI-NAT får mange ungdomar fine naturopplevelingar der progresjonen spenn frå enkle uteaktivitetar til avansert vinterfriluftsliv over fleire dagar. Miljø, mestring, integrering, samarbeid og ansvarskjensle er stikkord i FRI-NAT. FYSAK for alle elevar frå 5.klasse og oppover. Me har også valfag på ungdomsskule med fysisk aktivitet og helse.

10.3 EIGENORGANISERT FYSISK AKTIVITET.

Dei organiserte laga innafor idrett i Vang legg opp til mykje aktivitet for dei som bur i Vang, men det er også aktivitet som ikkje er organisert i desse laga. Dette gjeld mellom anna pensjonistar som har sin gåtur frå Drengestøga.

Skulane legg opp til stor aktivitet i og utanom skuletida. FRI-NAT for ungdomsskulen er eit godt eksempel her. Dette er eit tiltak med svært gode tilbakemeldingar. I spørjeundersøkinga for ungdom vart dette trekt fram som eit svært positivt tiltak.

Arbeidsplassar for ungdom med stirydding i sommarhalvåret er eit anna positivt tiltak som er med å stimulere til auka interesse for friluftsliv for dei unge i kommunen.


Det er også mange i Vang som er ute på tur i skog og mark. Turgåing, sykkel, skiaktivitetar, jakt og fiske aktiviserer mange, og er viktige aktivitetar i Vang. Desse kan mellom anna bruke Kongevegen, Mjølkeruta og den nyetablerte Stølsruta.

For å betre på dette tilbodet så har kommunen bygd to skibruer på Tyinkrysset som eit bidrag for å betre løypetilbodet der. Det er og i haust planlagt ein aktivitetspark på nedsida av kommunehuset.

10.4 KVA STATISTISK MATERIALE HAR VI PÅ UNGDOM OG AKTIVITET?

I ei spørjeundersøkinga for ungdom i Vang i 2002 var fotball den mest populære fritidsaktiviteten, i ei undersøking frå 2014 var det forsatt fotball men og snowboard var populert. I 2014 så var det og spørsmål om ønska aktivitet, og der kom håndball og klatring øvst.

ASAK (Aktivt sinn – aktiv kropp) er ei undersøking som tek for seg glede ved beveging og fysisk aktivitet blant ungdom. Det er forskargruppa ved barne og ungdomsavdelingen ved Lillehammer sjukhus som har utarbeidd denne undersøkinga. Elevar frå heile Oppland var med, men i figur 1 så er berre elevane som deltok frå VBU trekte ut.



Figur 1 viser at i 2015 så brukte alle ungdommane som vart spurta i Vang mellom tre og fem timer på skjerm, medan i 2017 så brukte brukte 40% inntil tre timer kvar dag. Dette tyder på at vi kan ha lukkast litt med å få dei i aktivitet, men framleis brukar 60% mellom tre – fem timer kvar dag framfor skjerm. Vårt mål må vera å få fleire inn i gruppa inntil tre timer.

10.4 TOPPIDRETT

Toppidrettsutøvarar utgjer ei svært lita gruppe innafor idretten i Vang. Likevel har vi nesten kvart år enkelte utøvarar som deltar på nasjonalt nivå innafor sine idrettar. Vi har også hatt eit stafettlag i NM i langrenn! Andre idrettar det har vorte konkurrert i er alpint, telemark, friidrett og sykling.

10.5 DEN KOMMERSIELLE TRENINGSMARKNADEN

Ryfoss treningssenter starta i 2004. Medlemmane der har nøkkelkort og kan trene frå 06.00-24.00. Der er mange ulike styrke – og kondisjonsapparat til bruk både med og utan instruktør, og solseng og massasjeeseng er også tilbod her. Instruktørar har spinningstimar fleire gonger i veka. Gjennom avtale med Frisklivssentralen er det mellom anna styrke – og balansetrening for seniorar.

Gnist treningssenter ligg i Ellingbøbygget i Vang, og dei kan tilby mellom anna; treningsrettleiing, styrke- og kondisjonsapparater, spinning, sykkel for godt voksne, solarium og barne/ungdoms-yoga. Senteret har nøkkelkort, slik at ein kan trene utanom bemanna opningstid.

Alpinbakkane på Filefjell er også godt besøkte, og viktige for lokalbefolkinga.

Her er det fem heiser og 17 km preparerte nedfarter.

Desse tilboda skil seg frå den tradisjonelle idretten ved fråværet av medlemsskap som gir plikter og høve til å være med på avgjerder. Det blir ikkje gitt tilskot frå spelemiddel til idrettsanlegg som er underlagt kommersielle interesser.

10.6 TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV

Med store utmarksområde har Vang gode føresetnader for eit yrande friluftsliv. Noko tilrettelegging må likevel til og her er det lagt ned ein stor innsats i eit turstignett med så langt 60 turar. Gjennom arbeidsplassar for ungdom i sumarhalvåret har det vorte rydda og merka omlag 300 km med løyper. I dette løpenettet er det sett opp 62 informasjonstavler med informasjon på tre ulike språk. I tillegg til dette har vi også sett opp omlag 120 skilt med stadnamn.

I tillegg har vi gjennom folkehelsesamarbeid i Valdres motteke ca 400 skilt via VNK til nye løyper og supplering av eksisterande løyper; som til Kongevegen. Ein del skilt herfrå har også gått til merking av Pilegrimsvegen som går frå Hedalen, gjennom Nord Aurdal- Vestre Slidre og endar på Filefjell. Vi har også etter søknad frå ulike lag fått ca 1500 klopper som er lagt ut i våte område i turløyper i Vang.



Opprusting av Kongevegen over Filefjell gjennom Vang og til Lærdal har gitt bebruarane ein flott og tilgjengeleg turveg. Denne vegen fekk Vakre vegars pris i 2014, og Nostra Award prisen i 2017. Vi vonar at denne vegen kan gje eit løft for turistnæringa i Vang.

Bildet er frå Hagebekkenbrui mellom Øye og Øvre dalen.

I 2001 kom *Turhandboka for Vang* etter fire års arbeid. I denne vesle boka med det hendige formatet kan ein lese meir om dei ulike turane. I 2004 så vart det laga eit *turkart* som tek utgangspunkt i denne boka.

OUTTT er eit digitalt konsept som er utvikla av gryndergruppa Outtt. Dette er tidlegare Turapp, som igjen vart utvikla i samarbeid med Vang kommune. Her kan ein få turane rett inn

på mobilen med kart, løypeprofil, GPS koordinatar og turforklaring. Turane er gradert, og det er turar frå heile landet på appen.

Vang turlag vart oppretta i 2011, og er eit lag som skipar fellesturar lokalt og i andre nærliggjande kommunar. Dette laget har vorte eit positivt innslag i vårt lokalmiljø, med mellom anna Turtrimmen med 20 flotte turmål. Her det lagt ut turkasse ved måla, der ein og samlar klypp på eit klyppekort.

11 Analyse av behovet for aktivitet og anlegg

Fotball-, langrenns- og alpinanlegg har til no vore satsingsområde i kommunen. Anlegga har kome i stand med hjelp av statsstøtte (spelemidlar), kommunale midlar, dugnad og gåver. Med eit utvida idrettsomgrep femner idrettsanlegg også område og anleggstyper for mosjonsprega aktivitetar og friluftsliv. Ein har derfor mange idrettsanlegg i Vang pr. i dag. Vang står no likevel framfor ei ny tid på grunn av satsinga på fleir brukshall på VBU. Nye behov og nye idrettar spesielt blant dei yngre gjorde tida moden for denne hallen. Hallen er eit senter i den nye sentralskulen på VBU her i Vang, og har handballbane, klatrevegg, styrketreningsrom og ny symjehall med terapibasseng samstundes som den gamle symjehallen skal rehabiliterast.

Vi i Vang har store og gode område for friluftsliv, og vi har mellom anna om lag 300 kilometer rydda og merka tursti fordelt utover heile kommunen. Om lag 245 km med oppkøyte løyper på vinterstid, der 140 km av det er i Filefjellområdet, Grindafjellet har 55 km og Slettefjellet/Åsvang har 50 km. Av dette er det omlag 10 km med lysløyper. Det er likevel verdt å merke seg at kommunen, private lag og kommersielle aktørar slit med å drifte og halde vedlike våre anlegg.



Den nye aktivitetsparken under opparbeiding ved kommunehuset.

12 Handlingsprogram for anlegg og områder

INNSPEL FRÅ IDRETTEN OG ANDRE AKTØRAR

På kulturbudsjettet har Vang kommune ei årleg løyving til anlegg for idrett og friluftsliv på kr 150 000,-

Vang kommune kan bidra innafor sine rammer, og stønad vert ei vurdering frå sak til sak.

TILTAK I PLANPERIODEN 2019 – 2022 I PRIORITERT REKKEFØLGJE					
TRULEG BYGGING	ANLEGGSTYPE	STAD	UTBYGGAR	KOSTNAD	FINANSIERING
2019	Utvikling av Kongeveg turstig Kvamskleiva – Søndrolskrysset Ordinært anlegg	Kvamskleiva	Kvamskleivas venner	Kr 2 126 000,-	Spelemidlar: Kr 710 000,- Kommune: Kr 51 000,- Andre: Kr 1 365 000,-
2019	Utbetring av klubbhus på Tveit Nærmiljøanlegg	Tvait stadion kunstgrasbane	FK Vang	Kr 152 875,-	Spelemidlar: Kr 76 435,- FK Vang og Vang kommune: Kr 38 220,-
2020	Mjøsvang aktivitetspark - Nærmiljøanlegg	Mjøsvang	Vang il	Kr 430 000,-	Vang kommune kr 75 680,- + spelemidlar kr 215 000,-
2019/20	Skateboardanlegg Nærmiljøanlegg	VBU	Vang kommune	Kr 50 000,-	Kommune kr 25 000,- Spelemidlar kr 25 000,-
	Sykkelstig Nærmiljøanlegg	Tangadn - Strø	Vang kommune – Valdres friluftsråd	Kr 100 000,- inklusiv mva	VNK, Gjensidigestiftelsen og Vang kommune kr 10 000,-
	Tidlegløype/turløyper på Filefjell Ordinært anlegg	Filefjell	Tyin og Filefjell reiseliv Tyin og Filefjell Turløyper	Kr 3 218 000,- (Frå Tyin og Filefjell reiseliv)	Spelemidlar: kr 1 073 00,- Vang kommune: kr 400 000,- Andre: Kr 1 745 00

Her er det kome inn nye flotte innspel, som vi trur kan koma mange til gode framover. Dette er innspel som vil vera eit løft for heile Vang kommune.


13 Langsiktig del

ANDRE FRAMTIDIGE TILTAK					
TRUELEG BYGGING	ANLEGGSTYPE	STAD	UTBYGGAR	KOSTNAD	FINANSIERING
	Utvikling av utsiktspunkt ved Eltunfossen i Øye	Øye	Nedre dalen vel		
	Utvikling kongeveg over Filefjell	Filefjell/Vang	Vang kommune		Kommune, lag og spelemidlar
	Leirdueskyting	Røldalen	Vang jeger og fiskarlag		Kommune, lag og spelemidlar
	Turveg Laglim/Åsvang	Åsvang/Laglim			Kommune, lag og spelemidlar
	Heilårs skytebane	Vang kommune			Kommune, lag og spelemidlar

Dette er ei samleliste på idear som har vore med tidlegare, men som ein ikkje har fått innspele på no.

14 Kart

Oversikt over planlagde tiltak i Vang:



1. Mjøsvang aktivitetspark
2. Kvamskleiva – del av Kongevegen over Filefjell
3. Utbedring av klubbhus på Tveit
4. Skateboardanlegg VBU
5. Tidlegløype/turløype på Filefjell

Oversikt over eksisterande anlegg:



- 1 Tveit stadion, kunstgrasbane og grasbane på Tveitamoen
- 2 Åsvang lysløyper, skisenter, hoppbakke, o-løype og samfunnshus.
- 3 Ballbinge i Ryfoss.
- 4 Ballbinge og lysløype i Øvre dalen.
- 5 Alpinanlegg på Filefjell.
- 6 Skytebane i Rødalens Øye.
- 7 VBU, skytebane inne, skate/sykkelpark, ballanlegg, Vangshallen og Fri-nat område.
- 8 Tennisbane ved Grindaheim
- 9 Fotballbane på Mjøsvang.
- 10 Lysløype på Filefjell.
- 11 Ballbinge på Filefjell
- 12 Alpinanlegg i Raudalen.
- 13 Sandvolleyballbane ved Nordsvinsfjorden.
- 14 Tursti/mosjonssti i Ryfoss.
- 15 Bru for mosjonistar i Skakadalen.
- 16 Øye skule/barnehage
- 17 Høre skule med skytebane
- 18 Badeplass ved Laglim
- 19 Haukåsen skisenter